



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Solunn Gullaksen, Terje Stormark, Turid Moldøen og Rune Minde (referent).

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Meldt forfall: Vivian Rognsvåg.

Frå kyrjekontoret: Ingen. Sjukemelding frå Evy Beate Uthaug

Saksoversikt: F 20/21 – 23/21

F 20/21	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 21.09.2021
Vedlegg	Møteboka frå 21.09.2021 Innkallinga til møtet 03.11.2021
Vedtak:	Referat og innkalling godkjent utan merknader.

F 21/21	ORIENTERING I PERSONALSAK
	Det blei orientert om personalsak

F 22/21	GODKJENNING AV PLANAR FOR UTVIDING AV GRAVPLASS
	<u>Bakgrunn:</u> Vedlagt er planar for utviding av gravplassen i Bøgardsvika. Planane skal godkjennast av soknerådet. Planane vert også oversendt Statforvaltaren for uttale. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner vedlagte planar for utviding av gravplassen i Bøgardsvika.</i>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner vedlagte planar for utviding av gravplassen i Bøgardsvika slik som den ligg føre.

F 23/21	HØYRINGSSVAR NY KYRKJELEG ORGANISERING
---------	---



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Kyrkjeverje Leif Arne Økland hadde laga innstilling. Denne blei opplesen og drøfta.

Framlegg til vedtak:

Fedje sokneråd uttalar følgjande i sak om ny kyrkjeleg organisering:

Del 1: Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing:

Prostifellesrådet som arbeidsgjevarorgan:

- *Fordelar og moglegheiter ved å etablera eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vera arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt:*

Svar: Det KAN vera ein fordel at praktiske arbeidsgjevarfunksjonar vert utført ved eit større kontor. Ved å knytta til seg personar med kompetanse og interesse for personalarbeid, kan ein sikra betre kvalitet på desse tenestene.

- *Kva er ulemper og risiko ved å etablera eit felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vera arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt?*

Svar: Sentralisering vil vera ei utfordring. Det vert for stor avstand mellom oppgåver som skal løysast lokalt og korleis dette vert styrt frå eit sentralt kontor. I Nordhordland prosti vil dette kunna bli ei stor ulempe, sjølv om prostigrensene vert justert. Alver kommune har allereie over 80 % av alle kyrkjemedlemmene. Eit prostikontor vil etter alt å døma bli farga av denne dominansen, som igjen vil kunna gå ut over opplevinga av å eiga dei oppgåvene som skal løysast lokalt i randkommunane.

- *Kva tiltak kan setjast i verk for å redusera eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablera eit kommuneoverskridande prostifellesråd?*

Svar: Det er vanskeleg å sjå at det er tiltak som kan redusera uheldige konsekvensar ved eit kommuneoverskridande prostifellesråd.

- *Andre innspel:*

Svar: Det er uheldig at det synest vera opplest og vedtatt at små fellesråd er lik dårlege fellesråd. Sjølv om mindre kontor kan mangla noko spisskompetanse på delar av arbeidsgjevaroppgåver, er ein likevel tett på problemstillingar som må løysast og kan såleis oppnå gode resultat av den grunn.

- *Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefala? (modell 1, 2 eller 3?)*

Svar: Fedje sokneråd ønskjer ikkje å svara på kva for modell for arbeidsgjevarorganisering ein vil foretrekka av dei ulike prostifellesrådsmodellane. Grunnen til dette er at ein er grunnleggjande skeptisk til heile idèen med eit prostifellesråd.

- *Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg?*

Svar: Arbeidsgjevaransvaret kan kanskje vera forankra sentralt. Tilsetjingar bør i størst mogleg grad gå føre seg mest mogleg lokalt.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- *I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkjerådet ønskjer å høyra følgjande:*
 - *Er det ein betre modell å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa?*
 - *Ønskjer ein å oppretthalda dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, trass i Kyrkjemøtet sitt vedtak om ei arbeidsgjevarlinje?*

Svar: Eit prostifellesråd vil etter Fedje sokneråd si oppfatning vera svært lite tenleg. Ein er for så vidt ikkje imot ønsket om å samla arbeidsgjevaransvaret til 1 linje istadenfor 2. Det kan vera mogeleg å sjå for seg at det formelle arbeidsgjevaransvaret er forankra sentralt, men at beslutningar vert fatta mest mogeleg lokalt, på utstrekt delegasjon – og med si rettslege handleevne forankra både i soknet og Rettsobjektet Den Norske Kyrkja.

I høyringsprosessen har ein vist til dømet med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane. Arbeidsgjevaransvaret er forankra i fylkeskommunen, tilsetjingar og praktisk arbeidsgjeveri går føre seg lokalt.

Fedje sokneråd meiner at beslutningar i størst mogeleg grad bør fattast lokalt – det vil seia innanfor kvart fellesrådsområde. Fellesråda må samsvara med kommunegrensene, fordi dette vil ivareta kontakten, representasjonen og dei økonomiskeforpliktingane den enkelte kommune har for sitt/sine sokn. Om nokre mindre fellesråd i gitte tilfelle skulle ønskja å slå seg saman, så vil dette kunna skje fordi ein lokalt ser seg tent med det, ikkje fordi ein frå sentralt hald tvingar fram ei slik løysing. For Austrheim og Fedje sin del har vi administrativt veksla på delar av stabsfunksjonane, fordi dette er hensiktsmessig. Men fellesråda følgjer likevel kommune og (i våre tilfelle) soknegrensene.

Overordna arbeidsgjevaroppgåver kan utførast av eit sentralt kontor. Det er mogeleg å tenkja seg at dette kan vera bispeømekontoret. Eit sentralt kontor kan gje service til lokalkontoret. Sentralkontoret kan hjelpa lokalkontoret med oppgåver som til dømes internkontroll og HMT spørsmål, medarbeidaroppfølging og liknande. Alle kan vera tilsett i Kyrkja den Norske. Men mestedelen av tilsetjingar og arbeidsgjevaroppgåver skjer lokalt på utvida fullmakter. I høyringsprosessen har nokon ymta frampå om at bispedømerådet kunne tilsetja alle. Dette er etter Fedje sokneråd sitt syn lite realistisk og ville føra til at eit bispedømekontor ville drukna i tilsetjingssaker og fungera som ein flaskehals.

Dagleg leiing i prostifellesrådet:

- *Kva for modell for dagleg leiing er å foretrekka i prostifellesrådet? (1: kyrkjevevja eller prosten er dagleg og einskapleg leiar, 2: dagleg einskapleg leiar med prosten i dagleg leiar sin stab, 3: dagleg leiar og prost har delt leiaransvar – tilsvarande som stiftsdirektør og biskop).*

Svar: Sidan ein ikkje ønskjer eit prostifellesråd, så gir det lite meining å anbefala ein av leiarmodellane.

- *Finst det andre og betre modellar for dagleg leiing som er foretrekka? Bør det vera nasjonale krav til kvalifikasjonar for den som skal vera dageleg*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

leiar? Bør titlane «kyrkjeverje» og «prost» vidareførast i ei ny organisering?

Svar: Sidan soknerådet ikkje ønskjer eit prostifellesråd, så er desse spørsmåla ikkje så relevante. Lokalt fungerer likevel rollefordelinga mellom kyrkjeverje og prest godt. Ein løpande og tilfredsstillande kommunikasjon er nøkkelen til dette. Presten vil ha eit hovudansvar for det kyrkjefaglege og innhaldsmessige i den kyrkjelege verksemda. Kyrkjeverja vil ha eit hovudansvar for at systema rundt dei tilsette og kyrkja sine fasilitetar i tillegg til gravplassforvaltninga, fungerer slik den skal. Ein kan ikkje sjå at det skulle vera noko i vegen for at ei slik rolledeling kan skje i ein organisasjon med 1 arbeidsgjevarlinje heller.

Del 2: Oppgåver og ansvar på dei ulike nivåa:

Biskopen si rolle:

- *Utgangspunktet er frå utvalet si side eksistensen av prostifellesrådet, så spør ein om biskopen bør ha eit arbeidsgjevaransvar eller ikkje – og korvidt dette vil påvirka biskopen sitt tilsyn.*

Svar: Soknerådet ønskjer som sagt ikkje eit prostifellesråd. Det vil vera uheldig om biskopen i ein ny organisasjon skulle få ei svekka rolle, sidan denne rolla er viktig for å inspirera til korleis kyrkja skal vera ein aktør i eit kvart lokalsamfunn og byggja gode fellesskap. Soknerådet har ikkje klare meininger om biskopens tilsynsansvar vert svekka om han skal ha eller ikkje ha eit arbeidsgjevaransvar. Om ein skal følgja opp tidlegare vurderingar, så kan *ei* arbeidsgjevarlinje i *ein* organisasjon utan eit prostifellesråd – der alle er tilsett i Kyrkja Den Norske (Rettsobjektet DNK), kunna føra til at biskopen si rolle sannsynlegvis vert styrka.

Bispedømeråda si rolle:

- *Kva bør vera dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet?*

Svar: Om det skulle bli oppretta eit prostifellesråd, vil bispedøma si rolle bli svekka. Müller-Nilsen utvalet ser for seg at bispedømeråda då bør kunna vera eit organ som driv strategisk og fagleg utvikling.

Med *ei* arbeidsgjevarlinje og sentral plassering av arbeidsgjevaransvaret, vil bispedømerådet og bispedømeadministrasjonen kunna bli styrka.

Administrasjonen vil då kunna få fleire oppgåver, til dømes bistå fellesråda i arbeidsgjevar og personalspørsmål.

Eit uavklart spørsmål i ein slik modell vil vera korvidt prestane framleis bør tilsetjast i bispedømerådet. Om dette skulle bli tilfelle må ein arbeida for at det ikkje vert danna eit inntrykk at tilsetjingar i bispedømerådet er for A-laget og tilsetjingar i fellesråda er for B-laget. Dette rører nok ved ein del irrasjonelle haldningar som allereie er i kyrkja. Dei ligg der og ein bør gjera det ein kan for å motvirka dei. Dette er likevel problemstillingar som bør utgreiast nærare.

Fedje sokneråd meiner at tilsetjingar i så stor grad som råd er bør skje lokalt - på fellesrådsnivå.

Oppgåver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet:



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- *Bør prostifellesrådet ha ei føremålsbestemming som utvalet forslår – og er nemninga «prostifellesråd» eit god namn?*

Svar: Sett bort frå at Fedje sokneråd synest at heile konseptet med prostifellesråd er lite tilrådeleg i det heile, så er det positivt at utvalet vektlegg formålet med verksemda og at kyrkja som organisasjon først og fremst er eit trussamfunn.

Oppgåver og ansvar for soknerådet:

- *Bør soknerådet si rolle styrkast både med tanke på gjennomføringa av gudstenester og kyrkjelege handlingar, ved tilsetjingar og oppgåver som fellesrådet har i dag som soknerådet kan overta?*

Svar: Generelt sett bør soknerådet styrkast i forhold til kva for ansvar ein skal ha. Fedje sokneråd er også fellesråd, difor er det ikkje relevant å svara på om soknerådet bør overta fleire fellesrådsoppgåver eller ikkje.

Prostimøte:

- *Er det tenleg å oppretta eit årleg prostimøte?*

Svar: Fedje sokneråd meiner det er ein dårleg idè å oppretta eit årleg prostimøte. Eit slikt framlegg har sjølvstøtt samband med ei eventuell etablering av eit prostifellesråd. Å tvinga igjennom ei slik etablering har etter Fedje sokneråd sitt syn lite for seg. Noko anna er om representantar i prostiet ønskjer å etablere ei slikt møte, fordi ein ønskjer meir samarbeid over soknegrensene. Men då skjer dette på frivillig basis.

Del 3: Kyrkjeleg demokrati, val og samansetjing:

Soknerådet og prostifellesrådet:

- *Skal prostifellesrådet veljast av representantar frå sokneråda? Skal prostifellesrådet bestå av ein representant frå kvart sokneråd? Bør det vidare vera kommunal representasjon i prostifellesrådet og er det andre synspunkt på prostifellesrådet si samansetjing?*

Svar: Fedje sokneråd opplever det som mindre relevant å svara på desse spørsmåla, fordi ein vert tvinga til å meina noko om ein konstruksjon ein ikkje ønskjer skal etablerast.

Om det er mange sokn i eit prosti, kan ein få eit prostifellesråd som i verste fall kan ha 30 – 40 medlemmer. Eit slikt råd vil vera tungvint og lite effektivt. Om ein motset seg dei mange motstemmene og likvevel skulle etablere eit prostifellesråd, så bør det i demokratiet sitt namn vera eit minstekrav at kvart sokn er representert i eit slikt fellesråd.

Fedje sokneråd meiner på generell basis at kommunal representasjon i eit fellesråd er avgjerande og viktig slik det er i dagens struktur. Kommunal representasjon i eit eventuelt prostifellesråd vil kunna gje fordelar til sokna i den kommunen som har den politiske representanten. Problemet med eit prostifellesråd er uansett at denne eininga fjernar seg frå den enkelte kommune som bevilgar midlar til å drifta sine sokn. Denne avstanden vil skapa mindre forståing for kyrkja sine behov. Difor er Fedje sokneråd tydeleg i sin motstand mot å etablere eit prostifellesråd.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Bispedømerådet:

Fedje sokneråd vel å ikkje svara på spørsmål om val til bispedømerådet, sidan dette vert for omfattande problemstillingar å svara på i denne høyringa.

Kyrkjemøtet:

Fedje sokneråd vel å ikkje svara på spørsmål om val til kyrkjemøtet, sidan dette vert for omfattande problemstillingar å svara på i denne høyringa.

Kyrkjerådet:

Fedje sokneråd vel å ikkje svara på spørsmål om val til kyrkjerådet, sidan dette vert for omfattande problemstillingar å svara på i denne høyringa.

Del 4: Relasjon til kommunane og ny prostiinddeling:

Om relasjonen til kommunane:

- *Kva for tiltak nemnt nedanfor på ein skala frå 1 – 5, (5 veldig viktig 1 er heilt uviktig) for å halda vedlike ein god relasjon mellom kyrkja og kommunen?*

- *Vidareføra 1 – 1 relasjon.*

Svar: Svarar ikkje.

- *Sikra at investeringar kjem kommunen til gode:*

Svar: Svarar ikkje.

- *Styrka kyrkja si rolle i samskaping med kommunane.*

Svar: Svarar ikkje.

- *Anna:*

Svar: Fedje sokneråd finne det lite relevant å svara på korleis eit prostifellesråd skal samarbeida med kommunane på ein glideskala frå veldig viktig til uviktig. Sidan vi meiner at eit prostifellesråd i seg sjølv er øydeleggjande for det vanlegvis gode samarbeidet ein har i dag med den einskilde kommune, så gir det ikkje meining å dela ut karakterar i forhold til ein konstruksjon ein ikkje ønskjer eller ser seg tent med.

- *Spørsmål om utvalet har truffe med sine vurderingar av prostistrukturen og om dagens prostigrenser er relevante for eit prostifellesråd?*

Svar: Svarar ikkje.

- *Andre synspunkt på prostistrukturen:*

Svar: Prostistrukturane har vore i kontinuerleg endring gjennom mange år og det vil sannsynlegvis vera tilfelle uavhengig av ei eventuell etablering av prostifellesråd eller ikkje.

Samisk kyrkjeliv:

Svar: Ikkje relevant for vårt område.

Andre synspunkt:

Svar: Fedje sokneråd er negative til at det vert oppretta eit prostifellesråd. Dette har vi grunngjeve ganske grundig tidlegare i dette høyringssvaret. Eit anna moment, som vi ikkje har nemnt før, er at eit prostifellesråd, med si etablering av eit nytt felles kontor og med sin nye rådsstruktur, etter vårt syn vil generera meir byråkrati og ikkje mindre. Dette grunngjev vi med at det uavhengig av organisering, er viktig at kyrkja lokalt har sine lokalkontor og møtepunkt med dei folka ein betjener. Dette er kanskje meir viktig på bygda enn i byane. Eit prostikontor med alt som følgjer med det, vil då kunna bety ei



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>påplussing av dei administrative ressursane, sidan ein etablerer noko som ikkje har vore der frå før av.</p> <p>Det vert vidare argumentert med at å organisera seg med eit prostikontor, så vil ein kunna slå saman fleire deltidstillingar til større og heile stillingar. I eit distrikt som Nordhordland prosti vil det fort visa seg å vera eit bomskot. Her er det geografien og lange avstandar, som regulerer stillingsstorleiken. Eit prostikontor vil ikkje ha nokon effekt i så måte. Austrheim sokn prøvde for nokre få år sidan å ha ein felles trusopplærar for Radøy sokn, Austrheim sokn og Fedje sokn i 100 %. Ordninga varte i ca. 2 år og måtte avsluttast fordi det ikkje fungerte med dei lange avstandane. I desse sokna har ein no gått tilbake til å utføra trusopplæringstiltaka ut frå kvart sokn med lokale medarbeidarar. Dette betyr ikkje at vi er negative til samarbeid og utveksling av erfaringar og gode idear i trusopplæringa. Det vil alltid vera behov for meir slik utveksling.</p> <p>Fedje sokneråd meiner ein farbar veg vidare kan vera å modifisera den ordninga ein har i dag. Ein kan gjerne sjå på høvet for å ha <i>ei</i> arbeidsgjevarlinje og ikkje to, der alle kan medarbeidarane frå gravplasstilsette til biskop er tilsette i kyrkja. Dømet med organiseringa av dei vidaregåande skulane kan her vera ei hjelp til å tenkja alternativ organisering. Istadenfor å etablere eit nytt mellomledd kan ein heller tenkja motsett: styrka lokalledet med utstrekt bruk av delegasjon. Og gje meir ressursar til eit sentralledd som kan yta sørvis og hjelpa lokalledet til fungera som ein god arbeidsgjevar.</p>
Vedtak:	Fedje sokneråd har ingen merknader til innstillinga og går inn for høyringsvar slik den ligg føre.

F 23/21	LEIGE AV KYRKJE OG PERSONELL I SAMBAND MED GIFTARMÅL UTAN TILKNYTING TIL FEDJE
	Det er ikkje vedteken noko sats for å leiga kyrkje og personell i samband med giftarmål der ingen av brudeparet har tilknytning til Fedje. Soknerådet drøfta saka og kom fram til ein sum som ligg under reelle kostnader, men ikkje gratis. Fedje sokneråd ser positivt på at folk ynskjer å koma til Fedje kyrkje for å gifta seg, også med tanke på ringverknader for storsamfunnet.
Vedtak:	Leige av kyrkje og personell i samband giftarmål utan tilknytning til Fedje: Kr. 3000,-



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Solunn Gullaksen, Terje Stormark, Turid Moldøen og Rune Minde (referent).

Meldt forfall: Vivian Rognsvåg

Frå kyrkjekontoret: Ingen. Sjukemelding frå Evy Beate Uthaug

Saksoversikt: S 22/21 – S 21/21

S 22/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 21.09.2021
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 21.09.2021 Innkallinga til møtet 03.11.2021
Vedtak:	Innkalling og referat godteke utan merknader.

S 23/21	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Kyrkjebasaren - drøfta formålet

S 24/21	GUDSTENESTEPLAN FØRSTE HALVÅR 2022
	<p><u>Bakgrunn:</u> Utkast til gudstenesteplan første halvår 2022 var vedlagt. Presten tok ein gjennomgang på møtet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Gudstenesteplanen for første halvår 2022 er godkjent.</i></p>
Vedtak:	Gudstenesteplanen for første halvår 2022 er godkjent slik den ligg føre.